

# AT-LEIREN PÅ MO I VIKEDAL - 4. ROGALAND SVEIT MINNE FRÅ BARNDOMEN

Ola Vikedal



## **GENERELT OM AT**

Ei Frivillig Arbeidsteneste (AT) vart innført i Noreg av Administrasjonsrådet, som styrte dei tyskokkuperte delene av landet frå april til september 1940. AT skulle hjelpa til med å byggja opp det som var øydelagt etter krigshandlingane våren 1940. Etter at Administrasjonsrådet vart nedlagt i september 1940, kom arbeidstenesta under NS-statsråden Axel Stangs nyoppretta departement for “arbeidsteneste og idrett”. Alt i mai 1941 vart det mogeleg å tvangsutskriva folk.

Arbeidstenesta kom inn under “den nye tida”.

AT hadde no fått utvida oppgåver. Dei utskrivne mannskapa arbeidde med vegbygging, kaianlegg med meire, i tillegg til jord- og skogbruksarbeid. Det var ca 50 AT-leirar spreidd over det meste av landet. Motstandsørsla sende våren 1943 ut ein parole om boikott, men det var for seint. AT var nå sett i system. NS gjorde seg etter kvart sterkt gjeldande innan AT, og offiserane måtte bruka “den nye tida” si helsing, med utstrakt arm.

Leiren frå vestsida. Inngongen til leiren mellom vaktbrakkja og depotet til venstre. Matsalen til høgre.

---

## BYGGING AV LEIR I VIKEDAL


Kva tid planane om å byggja AT- leir i Vikedal fyrst dukka opp hjå “dei høge herrar”, veit eg ikkje. Truleg har det vore vinteren 1940-41, for våren 1941 hadde dei visst funne ut at på Mo i Vikedal ville det vera ein god plass å setja opp ein leir. Det vart teke kontakt med kommunen, og grunneigaren Peder Moland, og 7. juni dette året vart leigekontrakten underskriven av leiaren for Arbeidstenesten Sig. Tønder og grunneigar Peder Moland. I september 1941 var teikningane til leiren ferdige, laga av kvartermeister M. Jacobsen. Det skulle byggjast 13 bygningar i alt med smått og stort. Forutan mannskapsbrakker og befalsbrakker var det sjølvsagt matsal med stort kjøkken til, ei vaktbrakke med fire små “fengselsrom”, eller “kakebuer” om ein vil, og ein kinosal med scene. Denne vart brukt til underholdn-

ingskveldar, festar, dans og fast kino. Det var ei depotbrakke, ei vedbrakke og ein del mindre bygg. I tillegg til alle bygningane, vart det og - litt seinare - arbeid opp idrettsbane. Her var det fotballbane, for dei som lika denne sporten, og 400 m bane og hoppegrop for både høgdehopp og lengdehopp, for dei som heller lika å driva med friidrett. Ja, til og med svingstong var det sett opp, for dei som var glade i turn. Det må vel vera lov å seia at heile anlegget viste godt igjen i bygda!

## BYGNINGANE BLIR FYLTE OPP

Kven var det så som skulle fylle opp desse bygningane? Og kor kom dei frå?

Ja, først og fremst var det jo “soldatane”. Av dei var det omlag 135 stykker i kvart kull. I byrjinga var kvart kull inne til teneste i tre månader. Seinare vart tenestet-



Kart over Vikedaldalen

---

ida sett opp til seks månader. Gutane kom frå Rogaland og Hordaland. Mest frå Hordaland. Befalet var nok litt annleis samansett. Dei kom frå ulike stader i landet. Talet på befall var godt og vel tjue. Så måtte det sjølvsagt vera eit kjøkkenpersonale, med ein hovudkock som sjef. Hovudkocken heitte Tønnesen og var frå Stavanger. Han hadde med seg underkock Gunnar Eikeskog frå Sveio og underkock Andreas Malkenes frå Bergen. I tillegg var det visst ein eller to hjelpearbeidarar på kjøkkenet. Lege måtte det og til. Han var og til god nytte for bygdefolket når nokon trong lege i all hast.

Han som eg hugsar, heitte Delegobe. Det var iallefall slik dei sa namnet hans. Han budde i nabohuset vårt saman med kona si. Ho var, slik eg hugsar det, ei “fin byfrue”, og var nok ikkje så van med levemåten på landet. Ein dag far min heldt på og slakta nokre høns, kom fru Delegobe gåande forbi. Då ho såg kva far min heldt på med, og såg dei slakta hønsa som enno flaksa litt med vengene, skal eg seia ho gav lyd frå seg. Det blei ei skriking og ei hyling så det høyrdest lang veg. Dette var visst noko av det fælaste ho hadde sett i heile sitt liv.

Til saman var det godt over hundre og femti mann i leiren til ei kvar tid, så det var ein bra auke i folketalet i ei lita bygd.

### **DET DAGLEGE LIV I LEIREN**

Når det kom eit nytt kull til leiren, var dagane den fyrste månaden fylte med beinhard eksersis. Men her marsjerte ikkje gutane med gevær på aksla, slik me kjenner det frå militæret, men med blankpussa spadar. Dette med eksersis var litt spanande for ein liten gutunge, i alle fall var det slik for meg. Difor fylgde eg ofte etter dei når dei dreiv og marsjerte, og prøvde å gjera det same som dei. Dette var god trening, og



Eksersis med blanke spadar. Bak bjørka kan ein skimte bygningen med kaféen der forfattere vaks opp. Brakkene er frå venstre: matsalen, vaktbrakka med “fengsel” og litt av depotbrakka.

---

det gjekk ikkje lenge før eg visste nøyaktig korleis eg skulle gjera. Dette skulle visa seg å vera til god nytte då eg seinare kom i militæret sjølv. Rekruttskulen vart ikke så vanskeleg for meg, som han vart for ein del andre, for eg visste nøyaktig kva tå og hel eg skulle bruka når me skulle gjera “venstre om”, “høgre om” eller “heilt om”. Eg såg det var mange som streva lenge med å få dette til. Difor gjekk det ikkje lenge før eg vart flytta fram på høgrefløy i troppa. Og “skulda” eller “æra” for det, må så udiskutabelt gå til AT-gutane og AT- befalet på Mo.

Etter denne perioden med eksersis, vart det arbeid av ymse slag rundt om i bygda. Det kunne vera rydding av kulturbeite, grøftegraving, vegarbeid, skogplanting, vedhogst og liknande.

Når det galdt vedhogst, gjekk nok den føre seg ulike stader i bygda, men mest i Fjellgardane, i området rundt Røyrvatnet. Eg kjenner til at vinteren 42-43 skulle det takast ut to hundre famnar bjørkeved i Plomlia ovafor Røyrvatnet. Då måtte dei laga til ei tre-renne på åtte hundre meter ned til Røyrvatnet som dei sende trebutane i. For å bremsa på farten, så ikkje veden fauk utor renna, la dei fleire risdunar tvers over renna til brems. Så var det å slepa veden over vatnet i lenser, og deretter fløyta han nedover elva til Låkafossen, der ein kunne lasta veden på bilar. I 1944 var hogstmengden auka til fem hundre famnar bjørkeved, og i tillegg to hundre kubikkmeter tømmer.

### **EIKELANDSKANALEN**

Eit storarbeid som AT byrja på i 1942, må nemnast. Det vart planlagt å byggja ein kanal frå Førland til Espevoll på omlag tretten hundre meter og ca. fire hundre meter sidekanalar. Dette skulle gi fleire hundre mål med

dyrka jord. Det var på den tida store, fine flatar på Mo som låg uproduktive på grunn av myrlandt og vass-sjuk jord. AT greidde ikkje å få ferdig denne kanalen, men omlag halvparten var ferdig då krigen var slutt, og sjølv det var eit kjempearbeid, gjort med spade og steinbukk. Kanalen vart steinsett i botn og sider, og er i god funksjon den dag i dag.

### **DET SOSIALE LIVET I LEIREN**

Det daglege livet vart nok rutinemessig, slik det gjerne er i det militære. Revelje, oppstilling, mat, oppstilling, eksersis/arbeid, mat, rosignal. Dette er kjende ting for ein soldat. Men likevel er det nokre timar som kan nyttast til andre ting og, anten det galdt kortspel på brakka, eller som det var her på Mo, ein tur ned på Kaféen. Det var nemleg slik at foreldra mine starta opp med kafedrift i byrjinga av krigen. Far min hadde i mange år hatt sitt arbeid i Sauda, men å vera skild frå familien var vel ikkje så kjekt den gongen heller, og slett ikkje nå når det var blitt krig i landet og. Han braut difor opp i Sauda, og såg nå moglegheita med å byrja med kafe sidan folketalet hadde auka så pass mykje i bygda. Han hadde og i sin ungdom gått på Uldals handelsskule i Stavanger, så no kunne han kanskje få nytta desse kunnskapane og. Huset vårt var heller ikkje så upassande, for då det vart bygd i 1914, av ein som heitte Torgersen, var det med tanke på å driva butikk. Det gjorde han og, men berre eit par år. Då selde han til ein som heitte Paulsen. Han var frå Etne, og han dreiv forretning vidare der i fleire år. Lokala stod såleis rimeleg klare for foreldra mine til å starta kafedrift. Serveringsdisk trong dei heller ikkje kjøpa, for butikkdiskane fanst enno, som dei forresten gjer den dag i dag. Så det gjekk nok raskt å koma i gong.

---

## TREFFSTAD PÅ KVELDSTID

Då kafeen opna, vart leirområdet utvida nedover til kafeen, slik at det vart råd for “soldatane” å gå dit på lovleg vis. Og det skal eg helsa og seia at dei gjorde. Når tenesta var slutt, og dei kunne bevega seg fritt, kom dei ofte i fullt “tråv” nedover vegen. Då skulle dei på kafeen. Serleg var det stor fart i dei på torsdagen, for då var det hirsegrynsgraut å få kjøpa. Mange hugsar nok dei små, gule hirsegryna som vart nytta under krigen. Det var ikkje få gryter av det slaget som vart koka ute i ei stove i uthuset heime i den tida. Eg tykkjer eg ser far min som står og rører i ei kjempestor gryte, med ei tvåre som han hadde fått lengd skaffet på ved å setja på ein røyrstump av eintoms vassrøyr. Det måtte rørast godt for at grauten ikkje skulle svi. Og denne grauten var umåteleg populær for AT-gutane. Difor var det om å gjera å vera tidleg ute, så ikkje grauten var utseld når dei kom ned.

## HIRSEGRAUTEN VAR POPULÆR

Ei lita hending med denne grauten er kanskje verd å ta med. Ein av gutane, som visstnok ikkje var av dei aller gløggaste, etter som eg forstod, hadde nok ei “mathelse” av likaste sort. Det hadde nok dei andre gutane merka seg, og ein kveld fann dei på at dei ville halda litt moro med denne guten. Dei hadde tidlegare sett at han hadde plass til meir i magen enn dei fleste. Difor fann dei på å spandera graut på han. Han skulle få så mykje graut han berre ville, og det skulle ikkje kosta han noko. Dette var eit tilbod guten ikkje kunne avslå, og det vart tallerk etter tallerk. Kor mange det vart til slutt, har eg diverre gløymt, men eg veit det var mange. Og det måtte vel gå slik det gjekk: Guten vart sjuk, rett og slett. Ein kan vel knapt seia at det var

eit fint tiltak kameratane sette i gong, sjølv om det var krig og knapt med mat. Men dei hadde det visst moro. Det var visst hirsegrynsgrauten som var den gjevaste maten på kafeen, men dei kunne og få kjøpa andre ting, jamvel “blautkake”. Den fekk me frå Bore sitt bakeri nede i Vikedalsosen. Men det var sjølvsagt uråd for Bore å laga “blautkake” eller “fløytekake” på normal vis under krigen, så kaka var både låg og svart. Men eg trur me borna lika ho godt likevel, for eg kan enno “kjenna” smaken av kaka dersom eg konsentrerar meg godt. Brus selde me og på kafeen, og i samband med det må eg fortelja ei historie som er både fin og rørande.



Bygging av Eikelandskanalen. Torvlegging på kantene av kanalen.

---

## EIT GILDT MINNE FRÅ TIDA MED KAFEDRIFT

Far min kjøpte brusen frå ein brusfabrikk på Sand. Eg trur han heitte Nilsen han som dreiv denne. Ein vinterveld hadde far tatt nokre kassar inn på kjøkkenet, truleg for at dei ikkje skulle frysa sund. Som kjent var det kalde vintrar i krigsåra. Då såg han brått at ein kasse hadde vore opna. Det var trekassar den gongen. Han tok av loket, og då viste det seg at ei flaske var tom. Om dette var noko som hende av og til på turen frå Sand til Vikedal, veit eg ikkje. Men det var vel kanskje ikkje så utruleg. Men det som var annleis denne gongen, og som nok overraske foreldra mine, var at under brusorken låg ein pengesetel. Under krigen var der jo både einkroner og tokroner av papir. Denne tørste personen, som var blitt freista av brusen, hadde nok vore av det ærlege slaget. Han hadde nemleg putta ein tokronelapp under brusorken på flaska han hadde tømt! Det var betalinga, og sikkert mykje meir enn kva flaska kosta i utsal på kafeen. Det var nok ein person som ikkje ville lura nokon, og heller ikkje gå vidare med vondt samvet. Difor gjorde det eit sterkt inntrykk på far og mor, og også så mykje på ein liten gutunge at det brende seg fast for alltid. Eit gildt minne frå krigen.

## “LIV I LEIREN”

Elles er det det å seia om denne tida med kafeen at det skapa mykje liv og røre i huset. Serleg “ille” var det den tida det var eit kull med berre bergenserar. Ikkje for at det skal setjast noko negativt stempel på bergenserar generelt, men akkurat dette kullet var nok noko livlegare enn tidlegare kull, og fann på meir “spillopper” enn dei andre, slik eg hugsar det. Spesielt ein kveld minnest eg godt. Det hadde nok vore noko livleg der ute i kaferommet utover kvelden, med song og skrål,

men me som sat i stova ved sida av måtte nok tåla noko slikt når ein flokk unge gutar var samla. Men overraskeinga fekk me litt seinare då det var stilna av, og gutane hadde gått tilbake til leiren igjen for å vera på plass når rosignalet gjekk. Då me kom inn i kafelokalet, såg me at gutane hadde hatt ekstra stor arbeidslyst denne kvelden. På eit av borda låg det fleire digre steinar som dei hadde funne ute ein stad, og bore inn og lagt frå seg på bordet. Det var nå for så vidt ein ufårleg “leik”, men ein kan jo undrast litt over kva som var meininga med det. Ein skulle vel gjerne tru at dei var utslitne og trøytt etter dagens slit. Men i ungdommeleg kåtskap gjer ein så mykje rart.

## ULOVLEG FLAGGING

Når ein først er inne på dette med minne frå gutealderen og krigsåra, kan ein kanskje ta med eitt til, som nok er av ein heilt annan karakter. Eg hadde ein fin vårdag vore oppe på lemen og leita fram eit lite 17. mai flagg. Stonga på flagget mangla, så eg tok sjølve flagget med meg ned, og fann etter ei stund på at dette ville eg ha opp på ein eller annan måte, slik at det vart synleg. Den mest naturlege plassen måtte då vera husveggen, tenkte eg. Eg fann 4 små “pompepikrar”, og spikra flagget på veggen. Å handsama flagget på denne måten var vel i seg sjølv eit brotsverk. Men det hadde nok ikkje eg vit til å forstå den gongen. Det som hende eit par timar seinare, gløymer eg aldri. Då kom ein av dei høge sjefane i AT-leiren gåande oppover vegen. Han såg flagget, og då vart vegen kort inn på kjøkkenet til mor og far, med ordre om at flagget måtte fjernast - “øyeblikkelig”. Dette blei sjølv sagt gjort, men det var ein skjemd og skræmd gut som luska rundt i tunet den ettermiddagen.

---

## FRITIDSSYSLER

Når eg knyter så pass mykje av fritida og det sosiale livet til kafeen me hadde, så er det sjølvsagt fordi det var her ein liten gutunge kunne koma tett innpå dei uniformerte gutane, gå rundt borda i kafeen der dei sat, kasta ein bruskork på dei av og til for å erta dei, eller berre rett og slett få prata med dei. Eg vil tru det kunne vera ei positiv avveksling for sume av dei og, og truleg har det vore mange av dei som gjorde teneste i leiren på Mo som i ettertid hugsa ein liten, ljoshåra gutunge som dei prata med på kafeen.

Men det var sjølvsagt andre ting dei var opptekne av og på fritida. Det var til dømes fast kino i leiren, med framsyning ein eller to gonger i veka. I tillegg til det laga dei til underhaldningskveldar, med musikk og sketsjar, og av og til vart det skipa til festar av ymse slag. Når det galdt film, så hende det at me gutungane lurde oss bort til kinosalen ein mørk haustkveld, fann noko å stå på slik at me rakk opp til glaset, og tjuvkikka inn på det som gjekk føre seg på filmteppet. Det var spanande. Men me måtte passa oss så me ikkje vart oppdaga, og dei heime måtte for all del ikkje få vita det.

I den ljose årstida var nok idrett og noko som opp- tok fritida til mange. Idrettsbanen, som var oppbygd på nord-aust sida av leiren, var nok til både glede og nytte for svært mange. Anlegget vart og til nytte for Vikedal idrettslag dei første åra etter krigen, og sterke idrettsnamn i bygda, som Sofus Opsal, og ikkje minst Olav Høyland, seinare noregsmeister på åttehundremeter, la sikkert eit godt grunnlag for resultatane sine her.

## OPPLØYSING AV LEIREN

Så kom våren 1945, og alle kjenner til kva som då skjedde. Dette førte og sjølvsagt til at det var slutt på

AT-tida på Mo. Alle som var der, og hadde sytt for arbeid, liv og røre i bygda, var no borte, og brakkene stod tome og tagale att. Men då kom nye spørsmål opp: Kva skal gjerast med bygningane? Kan dei brukast til noko? Og i tilfelle til kva?

Fengselsstyret i Oslo hadde rett etter krigen planar om å nytta leiren til arbeidsleir for landssvik-fangar, men dette blei det aldri noko av. Kommunen arbeidde med planar om å få nytta leiren til yrkesskule, og dette var dei komne ganske langt med, men til slutt rann det ut i sanden det og. I september får kommunen brev frå Avviklingskontoret for AT” i Stavanger at alle planar dei hadde for AT-leiren i Vikedal var blitt forkasta, og bygningane ville bli selde til Forsyningsdepartementet. I oktober svarar Forsyningsdep., og seier mellom anna: “Hvis ingen interesserte Statsinstitusjoner melder seg, kan det bli spørsmål om å selge leiren eller enkelte bygninger til Kommunen.”

Det ser ut for at det har vore mykje korrespondanse mellom ulike instansar i denne tida, og det var nok ikkje så lett å få gjort eit endeleg vedtak i denne kaotiske tida. Og då kommunen i april 1947 hørde eit rykte om at tre brakker skulle vera selde til ein entreprenør i Haugesund, reagerte dei spontant. Kommunen hadde nemleg planar om å byggja nye skular både på Mo og i Hallingstad krins, og såg vel ein moglegheit å få dette gjort på ein rimeleg måte ved å få kjøpa eit par brakker til rimeleg pris. Formannskapet sende difor straks eit brev til Rogaland Fylkesforsyningsnemnd om dette, og meinte at kommunen burde vera den næraste til å få kjøpa dei, og dei ber fylkesforsyningsnemnda ta seg av denne saka.

Det synt seg at dette ryktet var grunnlaust, og for å gjera ei lang historie kort, så vart det slik at det



Øverst: Kafeen var i dei gamle butikklokala. Inngangsdøra under skiltet. Guten på veggen er bror min, Rolf på fire år.  
Nede: Bading i Vikedalelva.

---

militære, ved IR9, skulle disponera og nytta leiren. Slik var det i nokre år, men i 1957 skriv IR9 eit brev til ordføraren i Vikedal med melding om at IR9 har fått mindre og mindre trong for leiren, og spør om kommunen er interessert i leige - eller kjøp - av bygningane.

Kommunen svarar at dei ikkje er interessert i leige, men: “er interessert i kjøp av leiren med tanke på bortflytting, under føresetnad av ein rimeleg pris.” Dette går i orden, og 19. juni 1958 blir kontrakten underskriven. I denne står det mellom anna at “kommunen kjøper heile Mo leir i Vikedal, minus lagerbrakken og 2 stk. mannskapsbrakker.” Prisen er kr 6000.

Straks kjøpet er i orden, går kommunen i gong med å selja brakker til private - og firma - som er interesserte i kjøp. Og det er det mange som er. Og på denne måten kan ein i dag her i bygda finna igjen ein god del av brakkene frå Mo leir som reiskapshus, lagerhus og til og med bustadhus. Så ein kan vel runda av med å seia at leiren i sin heilheit vart til stor nytte for bygda på mange ulike måtar.

#### KJELDER:

Alle foto er tekne av lagførar Tore Juland, som var befall i leiren ein stor del av tida.

Juland var utdanna gartnar, men var og ein ivrig amatør fotograf, og tok veldig mykje bilete den tida han var i Vikedal. Opplysningane om bileta og ein del andre ting er nedteikna etter Juland.